

Borgarundersøkinga Hjelmeland 2024

Korleis det er å bu og leve i
Hjelmeland kommune

01

Om undersøkinga



Om undersøkinga



FORMÅL

Borgarundersøkinga i Hjelmeland i 2024 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbod og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati. I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekk fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Hjelmeland kommune som en god plass å bu og leve. Resultata samanliknast med ein «benchmark» der innbyggjarar i like store kommunar og eit nasjonalt utval har svart på dei same spørsmåla, slik at ein kan sjå om Hjelmeland gjer det betre eller dårlegare enn kva ein kan forvente.



UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 415 innbyggjarar i Hjelmeland kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultata er vekta på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (øg kjent som populasjonen) i Hjelmeland kommune. Intervjua er gjennomført digitalt på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 12.06.2024 til 24.06.2024.



PRESENTASJON AV RESULTATANE


I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Hjelmeland kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misnøgd» til 5 «Svært nøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkla tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. *Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.*



TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultata til Hjelmeland og gjennomsnittet for kommunar med under 7.500 innbyggjarar, samt mellom Hjelmeland og det nasjonale snittet. Det er òg testa om forskjellige «grupper» innanfor Hjelmeland svarar annleis enn kvarande, eksempelvis om menn har eit anna inntrykk av helsetenestene enn kvinner. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultata til ei gruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som **ikkje** tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svara i Hjelmeland kommune og kommunar av same storleik. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er naudsynt for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmåla. Ein forskjell på 3 kan være signifikant i eit spørsmål, men ikkje i eit anna. Om ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seie at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Med mindre anna spesifiserast vil all analyse og presentasjon vere statistisk signifikante forskjellar.

Borgarmodellen



HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er **Borgarskåren** og dei to samlemåla **Tenestetilfredsheit** og **Omdøme**.

INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålsgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane **Kommunale tenester** og **Tilbod og moglegheiter** utdjupar **Samlemål 1: Tenestetilfredsheit**.
- Spørsmåla i indeksane **Tilbod og moglegheiter**, **Tryggleik i kvardagen**, **Demokrati** og **Kommunen som organisasjon** utdjupar **Samlemål 2: Omdøme**.

KONTROLLMÅL


Tilknyting og tilhøyrse er eit enkeltstående som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknyting og tilhøyrse til kommunen. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.

RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Til venstre ser ein korleis ein kan tolke skårane. Merk at dette er ein rettleiande tolking.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)
80 og over	Framifrå
70–79	Godt
60–69	Nokså godt
50–59	Middels
40–49	Svak
Under 40	Dårleg

Feilmarginar



I ein kvar utvalsundersøking må ein operere med feilmarginar for fordelingar. Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo meir prosenten som har ein bestemt eigenskap, nærmar seg 50, dvs. jo meir heterogent utvalet er, desto større feilmargin må vi regne med. I denne undersøkinga med 415 svar, vil feilmarginane variere frå 2,9 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 4,8 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling. Figuren over viser korleis feilmarginane utviklar seg ved ulike utvalsstorleikar og fordelingar.


Med ein svarprosent på 38 % (415 av 1081 inviterte), er det svært god respons på borgarundersøkinga.

02


Om respondentane



Om respondentane



Om respondentane



03

Resultat



Kva viser resultatata?

Hjelmelands resultat i 2024 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande tyder det at det ikkje er signifikante skilnader, sjølv om det kan være en forskjell i skår er den ikkje statistisk signifikant.

HOVUDRESULTAT

Jamt over er det svært gode resultat for Hjelmeland i borgarundersøkinga 2024. Den samla kommunevurderinga (**77**) er signifikant høgare den for like store kommunar (storleik på under 7.500 innbyggjarar) på 65 og det nasjonale snittet på 66. Total tilfredsheit (borgarskåren) er på **82**, høgare enn like store kommunar og Noreg totalt (67). Hjelmeland får ein skår på **71** for samlemålet tenestetilfredsheit og **77** på omdøme, begge to høgare enn gjennomsnittet for like store kommunar, på hhv 64 og 67, og det nasjonale snittet på hhv 64 og 66. Det er indikasjonar på ein alderseffekt på disse spørsmåla, der dei eldste på 70 + gir ein høgare skår enn kva dei yngre gjer på både omdømet og tenestetilfredsheita. Dei på mellom 50 til 59 år er minst tilfreds med tenestene og har dårlegast inntrykk av kommunen, etterfølgt av dei på 40-49 år. Dei mellom 18-29 og mellom 30-39 trekker opp snittet på både omdømet og tenestetilfredsheit.

Dei faktorane som har størst påverknad på kor nøgd ein er med kommunen som ein stad å bu og leve, er inntrykket ein har av kommunen samla sett og like etter, kor nøgd ein er med tenestene i kommunen samla sett. Faktorane som har størst påverknad på inntrykket respondentane har av Hjelmeland (omdømet) er i kor stor grad ein har tillit til politikarane, like etterfølgt av inntrykket ein har av informasjon til innbyggjarane. Det som har størst effekt på kor nøgd ein er med tenestene er kor enkelt ein meiner det er å kome i kontakt med kommunen og inntrykket av dei sosiale tenestene.

Det er svært gode resultat på spørsmåla om tilknytning og tilhøyrse til kommunen, der alle er signifikant høgare enn både like store kommunar og Noreg totalt. Hjelmeland får ein skår på 75 på om ein vil anbefale kommunen som bustad, 77 på tilhøyrse til lokalsamfunnet og 76 på tilhøyrse til kommunen, samt 85 på kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år. For alle spørsmåla er Hjelmeland sitt resultat mellom 10-15 poeng høgare enn det vi ser i like kommunar og Noreg totalt. Det er heilt tydeleg at Hjelmeland gjer det bra på tilhøyrse til kommunen.

TENESTER I KOMMUNEN

På samlemålet for tenestene i kommunen har Hjelmeland ein snittskår på **71**, signifikant høgare enn resultatet for like store kommunar (63) og Noreg på 64. Dette fordi Hjelmeland skårar høgare enn jamstore kommunar og Noreg totalt på alle spørsmåla om tenestene i kommunen, unntatt inntrykket av tilrettelegginga for næringsutvikling (**63**), vegar (**54**), byggesakshandsaming (**51**), kor resultatet er likt som i jamstore kommunar og Noreg og gang- og sykkelstiar (**43**) kor resultatet er lågare enn samanlikningsgrunnlaga. Den største skilnaden er i inntrykket av fastlege- og legevaktordninga, der Hjelmeland får ein skår på **81**, mot 59 i like kommunar og 62 nasjonalt.

På enkelte spørsmål er det mange som har svart at dei ikkje veit kva dei synest om temaet, eksempelvis byggesaksbehandlinga, noko som påverkar snittet, då dei berre reknast inn i snittet om dei har svart noko anna enn «Veit ikkje». Dette gjeld naturlegvis og i samanlikningsgrunnlaget, men det er greitt å vite at det er færre svar som medreknast i dette resultatet. Spørsmålet om psykisk helse har ikkje blitt stilt til samanlikningsgrunnlaget, men samanlikna med andre borgarundersøkingar er det likevel eit godt resultat.

TILBOD OG MOGLEGHEITER

På tilbod og moglegheiter samla har Hjelmeland en tilsvarande skår (**62**) som i like store kommunar (57), men lågare enn det nasjonale snittet på 65. Hjelmeland skårar jamt over godt på desse spørsmåla og har fleire resultat som er høgare enn like store kommunar. Tilrettelegging for natur- og friluftsliv (**88**, mot 76), kulturtilbodet (**69**, mot 58), jobbmoglegheiter (**62**, mot 51) og kor nøgd ein er med restaurant/uteliv (**55**, mot 44) er alle høgare enn i jamstore kommunar. Samanlikna med Noreg får Hjelmeland eit lågare resultat på handels- og servicetilbod (**59**, mot 71), utdanningstilbodet (**50**, mot 68) og kollektivtilbodet (**43**, mot 58), men desse resultatata er tilsvarande det vi ser i jamstore kommunar, unntatt restaurant og uteliv som er høgare. Tilfredsheita med tilrettelegging for natur- og friluftslivet er og høgare enn det nasjonale gjennomsnittet (**88** mot 77). Sjølv om Hjelmeland får eit par resultat som er lågare enn det nasjonale snittet bør ein vere godt nøgd med samanlikninga til jamstore kommunar, då dei har mykje av dei same forutsetningane til Hjelmeland når det kjem til tilbod og moglegheiter i kommunen.

TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Tryggleik målast gjennom fleire spørsmål, kor trygg ein er på at sjukehuset kan ta vare på ein, tryggleik frå kriminalitet og kommunens kriseberedskap. Hjelmeland kommune opplevast i høgaste grad som ein trygg stad å bu, der ein opplever svært stor tryggleik frå kriminalitet (**90**), signifikant høgare enn i jamstore kommunar og Noreg elles. Kriseberedskapen til Hjelmeland vurderast til **71**, tilsvarande som i like store kommunar, men høgare enn det nasjonale snittet. Til sist måler vi kor trygg ein er på at det samla sjukehusstilbodet gir deg forsvarleg behandling om ein blir sjuk – der Hjelmeland får et høgare resultat (**80**) enn like store kommunar (58) og Noreg (67). Samla sett vurderer dermed innbyggjarane i Hjelmeland tryggleiken i kommunen til **81**, høgare enn kva vi ser i like kommunar (67) og i Noreg totalt (68).

DEMOKRATI

Opplevinga av demokratiet i Hjelmeland vart målt gjennom spørsmåla om ein er tilfreds med korleis politikarane lyttar til innbyggjarane, om ein har tillit til politikarane og om ein opplever at innbyggjarane har innflyting på kommunale avgjerder. Hjelmeland får en skår på **57** på politikaranes lytting til innbyggjarane, tilsvarande det vi ser i like store kommunar (54) og høgare enn i Noreg elles (47). På tillit til politikarane får Hjelmeland en skår på **61**, og dette høgare enn Noreg (49) og likt som like kommunar (53). Til slutt vurderast opplevinga av innverknad til **53**, høgare enn i Noreg totalt sett (45) og snittet for like store kommunar (49). Til saman vurderast dermed demokratiet til en samla skår på **58**, høgare enn Noreg (47), og like store kommunar (52). Merk at demokratispørsmåla jamt over får lågare resultat enn de andre spørsmåla i undersøkinga, men dette er ikkje unikt for Hjelmeland og gjelder og samanlikningsgrunnlaget og tidlegare undersøkingar. Hjelmeland gjer det godt på demokratiresultatet.

KOMMUNEN SOM ORGANISASJON


Kommunen som organisasjon oppnår samla sett en skår på **68**, høgare enn i Noreg totalt (61), og i like store kommunar (60). Spørsmåla som utgjer målet på kommunen som organisasjon er inntrykket av kommunens klima- og miljøtiltak, informasjon til innbyggjarane og inntrykket av kommunen når det gjelder samfunnsansvar og etikk. Hjelmelands resultat skil seg frå like store kommunar på informasjon til innbyggjarane, der kommunen oppnår ein høgare skår (**71**) enn i like store kommunar (60). Hjelmeland får og ein høgare skår enn Noreg totalt på spørsmåla om informasjon til innbyggjarane (**71**, mot 62) og samfunnsansvar og etikk (**65**, mot 60).

SAMLA KOMMUNEVURDERING

Den samla kommunevurderinga er **77**, høgare enn i like store kommunar (65) og i Noreg (66). Den samla kommunevurderinga består av alle hovudmåla slått saman, kor Hjelmeland får høgare resultat enn både like store kommunar og Noreg. Sentrumsattraktivitet og om ein bur i kommunen om 5 år er ikkje med i samla kommunevurdering, men visast i same figur.


På borgarskåren får Hjelmeland **83**, samanlikna med 69 for like store kommunar og 72 i Noreg og skårar dermed signifikant høgare enn begge. På samlemål 1: Tenestetilfredsheit får Hjelmeland en skår på **71**, høgare enn like store kommunar (64), og Noreg (71). På samlemål 2: Omdøme har Hjelmeland en skår på **77**, høgare enn like store kommunar (67), og høgare enn i Noreg (66). På sentrumsattraktivitet skårar Hjelmeland **42**, lågare enn i Noreg (58), men tilsvarande som vi ser i jamstore kommunar. Tilfredsheit med handels- og servicetilbod er det som har størst effekt på kor nøgd ein er med sentrum i kommunen. På spørsmåla om tilknytning til kommunen og tilknytning til lokalsamfunnet, gjer Hjelmeland det svært godt og får høgare resultat enn like store kommunar (hhv. 63 og 62) og Noreg (hhv. 65 og 63). Hjelmeland sine resultat er **76** på tilknytning til kommunen og **77** på tilknytning til lokalsamfunnet.

Hovudresultat




△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med færre enn 7.500 innbyggjarar
 ▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn Noreg


Tenester i kommunen




Tenester i kommunen



Tilbod og moglegheiter




Tilbod og moglegheiter




△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med færre enn 7.500 innbyggjarar

▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn Noreg


Tryggleik i kvardagen




Demokrati




Inntrykk av kommunen som organisasjon



Oppsummering



Borgarkrysset: Hjelmeland



OM BORGARKRYSSET

Tenestetilfredsheit og omdøme er mål på to sentrale område som har å gjere med korleis innbyggjarane opplever kommunen dei bur i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.

Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den vertikale aksene viser omdøme, og den horisontale aksene viser tenestetilfredsheit. Skårane visast som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.


Resultatet for Hjelmeland i 2024 visast med eit **blågrønt** kryss i midten av figuren. Der den horisontale og vertikale aksene møtes, er skårane til Hjelmeland på samlemåla tenestetilfredsheit (71) og omdøme (77).

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdøme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene

Hjelmelands resultat er dermed høgare enn kvar enkelt av landsdelane i Noreg og dermed og Noregs resultat samla. I ein **litt lysare blåfarge**, visast resultatet for like store kommunar og vi ser at dei gjer det litt dårlegare enn Oslo, Sørlandet og Midt-Noreg, og heilt tydeleg dårlegare enn Hjelmeland.

Borgarkrysset: Kjønn



OM BORGARKRYSSET: KJØNN

Figuren til venstre viser korleis menn og kvinner i Hjelmeland plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Hjelmeland kommune, uavhengig av kjønn og det lysare krysset viser resultatet for jamstore kommunar.


Kvinner gir Hjelmeland ein høgare skår på både omdøme og tenestetilfredsheit, og trekker opp snittet til Hjelmeland totalt på begge måla. Menn gir dermed en lågare skår enn gjennomsnittet på begge måla.

Det er ein klar kjønnskilnad i korleis menn og kvinner vurderer omdømet og kor nøgd ein er med tenestene, med ein skilnad på rundt 4 poeng for begge to. Kvinner er dermed meir nøgd med tenestene i kommunen og har et betre inntrykk av kommunen sin òg.

Dette mønsteret matchar det vi ser i andre undersøkingar og er ikkje unikt for kvinner og menn i Hjelmeland, då kvinner ofte er meir nøgd med tenestene og har eit betre inntrykk av kommunen sin.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.

Borgarkrysset: Alder



OM BORGERKRYSET: ALDER

Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Hjelmeland plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Hjelmeland kommune, uavhengig av alder og det lysare krysset viser resultatet for like store kommunar.


Den eldste aldersgruppa gir ein høgare skår på både omdømet og tenestetilfredsheit enn dei andre gruppene, og dei som gir den lågaste skåren er dei i aldersgruppa 50-59 år.

Der respondentar mellom 18-29 og dei på 70 år er ganske einige i omdømet til kommunen, er det ein større skilnad i tenestetilfredsheit. Dette kan ha ein samanheng med korleis ein brukar tenestene i kommunen og dermed kva slags forhold ein har til dei.

Dette målet viser kor nøgd ein er med tenestene i kommunen generelt sett, men skilnaden mellom dei på 70+ og dei mellom 50-59 er tydeleg nesten uansett kva for tenester ein spør om, der dei på 50-59 er minst nøgd og dei på 70 år og eldre er mest nøgd på kvart spørsmål om tenestene i kommunen, unntatt kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen og byggesakshandsaminga, der andre aldersgrupper er i topp og botn. Det er minst alderskilnad i inntrykket av tilrettelegging for næringsutvikling, og størst skilnad i inntrykket av fastlege- og legevaktordning, samt inntrykket av eldreomsorg og drikkevatt.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere skilnadane mellom de ulike gruppene.

Kva har påverknad på borgarskåren?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Tilbod og moglegheiter
Demokrati

Viktige faktorar som bør bevarast:

Inntrykket av ...
... kommunen (omdøme)
... tenester i kommunen
... Tryggleik i kvardagen
og kjensla av tilknytning og tilhøyrer

Faktorar som har påverknad på Borgarskåren

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **Borgarskåren**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **Borgarskåren**.

Den loddrette aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksen viser kor stor påverknad de ulike faktorane har på **Borgarskåren**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Borgarskår**.

De **blå** faktorane er indekser, satt saman av alle spørsmåla om det temaet, dei **grønne** er eit enkeltspørsmål og dei **lilla** er tilknytning og tilhøyrse.


Kva bør prioriterast?

Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høgre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høgre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje vises i figuren, er mindre viktige for **Borgarskåren** og kan prioriterast lågare.

Med en påverknadskraft på cirka 0,5 har inntrykket av kommunen samla sett klart størst påverknad på i kor stor grad ein synest Hjelmeland er ein god plass å bu og leve. Og samleinntrykket av tenester i kommunen (alle tenestene slått saman) har ein relativt stor påverknadskraft på cirka 0,35. Samanlikna med dei andre faktorane er dette enkeltfaktorane med klart størst påverknad.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på tenestetilfredsheiten?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Inntrykket av sosiale tenester
Byggesakshandsaming
Restaurant/uteliv

Viktige faktorar som bør bevarast:

Inntrykket av kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen
Inntrykket av helse- og omsorgstenester

Faktorar som har påverknad på tenestetilfredsheiten

Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **tenestetilfredsheiten**. Påverknadskrafta finner vi ved å leite etter mønster i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **tenestetilfredsheiten**. Tenestetilfredsheiten er samlemål 1, med spørsmålsformuleringen: «Kor nøgd totalt sett er du med dei kommunale tenestene i din kommune?». Tolkninga av figuren er elles lik som på førre side.


Med en påverknadskraft på 0,31 har inntrykket av kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen størst påverknad på kor tilfreds ein er med tenestene i kommunen. Inntrykket av sosiale tenester og deretter helse- og omsorgstenester har og en tydeleg påverknadskraft som er nesten like stor. Påverknadskrafta viser korleis ein kan forvente at tenestetilfredsheitaukar når inntrykket av t.d sosiale tenester aukar med 1 poeng. Om inntrykket av sosiale tenester aukar frå 68 til 69 viser resultatata at ein kan forvente at samla tilfredsheit med tenestene aukar med litt under 0,3 poeng.

Dersom inntrykket av tenestene i figuren minskar, vil det og ha ein effekt på samla tenestetilfredsheit. Resultatet her viser kva som har størst effekt på tenestetilfredsheiten, men alle faktorane i figuren har ein effekt.

Dei andre faktorane som har en effekt har alle en effekt på rund 0,1 og har dermed mindre effekt kvar for seg, men med mange faktorar kan det samla sett utgjere ein stor skilnad.

Gjennomsnittsskår	Tolkning av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på omdømet?



Faktorar som har påverknad på omdømet

Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på omdømet. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samheng med omdømet. Målet for omdømet er samlemål 2, med spørsmålsformuleringen: «Kor godt inntrykk har du totalt sett av din kommune?». Tolkinga av figuren er elles lik dei tidlegare sidene.

Med en påverknadskraft på cirka 0,2 har informasjon til innbyggjarane og tilliten til politikarane størst påverknad. Merk at påverknadskrafta er tydeleg lågare enn kva vi så for borgarskåren og noko lågare enn kva vi så for tenestetilfredsheit. Som for tenestetilfredsheit er det og mange faktorar som har ein målbar effekt på omdømet, men påverknadskrafta det vises til her forutsett at dei andre faktorane ikkje reduserast.

Tillit til politikarane er ein faktor med lågare tilstand enn informasjon til innbyggjarane og har dermed og større potensiale til å påverke omdømet. I resultatene ser vi at for dei som svarer høgare på tillit til politikarane, og har et betre inntrykk av kommunen totalt sett, og jo meir tillit til politikarane aukar, jo betre inntrykk har ein av kommunen. Dermed kan vi sjå at når ein aukar tilliten til politikarane frå 61 til t.d 71, aukar totalinntrykket av kommunen frå 77 til 79. Som vi ser har informasjon til innbyggjarane ein nokså god skår, og er dermed vanskelegare å forbetre, då ein ekstra person som gir ein skår på 75 har større effekt når gjennomsnittet er 61 enn når det er 71, men 61 er allereie ein god skår og kan vere vanskeleg å styrke. Om det er mogleg å styrke den, har det likevel ein tydeleg effekt.

Viktige faktorar som bør styrkast:


Tillit til politikarane
Jobbmoglegheiter

Viktige faktorar som bør bevarast:

Inntrykket av kommunen som organisasjon når det gjeld informasjon til innbyggjarane
Kjensla av tryggleik frå kriminalitet

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten?



Viktige faktorar som bør styrkast:
Handels- og servicetilbod

Viktige faktorar som bør bevarast:
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten


Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på sentrumsattraktiviteten. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samheng med sentrumsattraktiviteten. Spørsmålet er «I kor stor grad synest du at sentrum i din kommune framstår som eit attraktivt sentrum i dag?». Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på litt over 0,23 har kor nøgd ein er med kommunen på området handels- og servicetilbod størst effekt på kor attraktivt ein synes sentrum er. Inntrykket av moglegheita til å drive næringsverksemd og tilrettelegginga for natur- og friluftsliv har og ein påverknadskraft på sentrumsattraktiviteten

Tilrettelegging for natur og friluftsliv har den høgaste tilstanden av de faktorane som har en påverknad på sentrumsattraktiviteten og bør bevarast. Dette fordi det er vanskelegare å styrke faktorar som allereie har ein høg skår. Dersom en ny respondent gir handels- og servicetilbodet en skår på 50 vil ikkje det auke totalinntrykket av handels- og servicetilbodet enn på inntrykket av tilrettelegging for natur- og friluftsliv. Derfor bør ein forsøke å styrke resultatet om mogleg, men det er like viktig å bevare den allereie gode skåren. Kvinner synest sentrum er meir attraktivt enn kva menn gjer og dei som har flytta tilbake til Hjelmeland synest det er meir attraktivt enn dei som nyleg har flytta til kommunen og dei som har budd i kommunen i meir enn 5 år.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten?



Viktige faktorar som bør styrkast:
Handels- og servicetilbod

Viktige faktorar som bør bevarast:
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på sentrumsattraktiviteten. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med sentrumsattraktiviteten. Spørsmålet er «I kor stor grad synest du at sentrum i din kommune framstår som eit attraktivt sentrum i dag?». Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på litt over 0,23 har kor nøgd ein er med kommunen på området handels- og servicetilbod størst effekt på kor attraktivt ein synes sentrum er. Inntrykket av moglegheita til å drive næringsverksemd og tilrettelegginga for natur- og friluftsliv har og ein påverknadskraft på sentrumsattraktiviteten


Tilrettelegging for natur og friluftsliv har den høgaste tilstanden av de faktorane som har en påverknad på sentrumsattraktiviteten og bør bevarast. Dette fordi det er vanskelegare å styrke faktorar som allereie har ein høg skår. Dersom en ny respondent gir handels- og servicetilbodet en skår på 50 vil ikkje det auke totalinntrykket av handels- og servicetilbodet enn på inntrykket av tilrettelegging for natur- og friluftsliv. Derfor bør ein forsøke å styrke resultatet om mogleg, men det er like viktig å bevare den allereie gode skåren. Kvinner synest sentrum er meir attraktivt enn kva menn gjer og dei som har flytta tilbake til Hjelmeland synest det er meir attraktivt enn dei som nyleg har flytta til kommunen og dei som har budd i kommunen i meir enn 5 år.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Korleis ønskjer innbyggjarane å få informasjon frå kommunen

Til sist i undersøkinga spurte vi innbyggjarane om korleis dei helst vil få informasjon frå kommunen og dei kunne krysse av for fleire svaralternativ.

På grunn av ein teknisk feil var det berre dei som har flytta til kommunen for fyrste gong, samt dei som har flytta tilbake til kommunen som fekk høve til å svare. Det utgjer 19 % av respondentane. Dei som svarte at dei har budd i kommunen i meir enn 5 år har dermed ikkje fått høve til å svare på dette spørsmålet. Denne feilen er berre til stades på dette spørsmålet og ingen av dei andre. Sjølv om ein god del av respondentane ikkje har fått høve til å svare på dette spørsmålet, er det ikkje naturleg å legge til grunn at ein har forskjellige ønsker for kommunikasjon med kommunen ut i frå kor lenge ein har budd i kommunen, men det vil vere naturleg å tenke at til dømes alder kan ha ein effekt. Alderseffekten er vanskeleg å seie noko om med dei som har svart på spørsmålet, då det kan vere ein samanheng mellom alder og kor lenge ein har budd i kommunen, då vi ser tendensar til at jo eldre ein er, jo meir sannsynleg er det at ein ikkje er tilflyttar. Resultata av dette spørsmålet bør derfor sjåast i lys av at det er ein noko unaturleg overvekt av yngre respondentar som har svart.



n=79

Sentio Research

Verftsgata 4, 7042 Trondheim

90 54 88 92

post@sentio.no